

**Sakshandsamar:**

Einar Ulla

E-post: ainar.ulla@sfj.no

Tlf: 57 65 63 61

Vår ref.

Sak nr.: 10/4387-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

23251/11

Dykkar ref.

11/383-1 ERA

Dato

LEIKANGER, 30.08.2011

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8129 DEP

0032 OSLO

Høyringsuttale til forslag frå KRD om endringar i kommunelova og enkelte andre lover

Kommunal- og regionaldepartementet sendte 26.5.2011 ut høyringsbrev der det vert bedt om høyringsuttale om forslag til endringar i kommunelova, inndelingslova, lov om interkommunale selskap, kvitvaskingslova, revisjonsforskrifta og kontrollutvalsforskrifta.

Høyringsnotatet er ei oppfølging av rapporten 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane frå desember 2009.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vil med dette gje følgjande merknader til dei punkt som gjeld kontrollutvalet.

Der det ikkje er kommentarar, støttar kontrollutvalet departementet sine forslag.

Pkt. 1.2.3 Samspelet mellom statleg tilsynsverksemd og den kommunale eigenkontrollen

Det er viktig at koordinering av kontrollverksemda i kommunal sektor er ivareteken. Det vil forhindre dobbeltarbeid og unødige kostnader for kommunane og fylkeskommunane.

Pkt. 2.2 Avgrensing av kven som kan vere sekretær for kontrollutvalet

Endringa som departementet føreslår er viktig. Departementet burde i tillegg vurdere legitimiteten til dei forskjellige sekretariatsordningar som ein finn rundt omkring i landet, jf notat frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) til arbeidsgruppa som utarbeidde dei 85 tilrådingane. Notatet er ei liste som inneheld dei forskjellige sekretariatsordningar med FKT si vurdering av lovlegheita til dei forskjellige ordningane.

Pkt. 2.5 Bør personar knytte til kommunale selskap kunne veljast til kontrollutvalet?

Av omsyn til omdømmet til kontrollutvalet bør medlemmane ha ei så uavhengig stilling som mogeleg i høve til den kommunale verksemda. Ein bør derfor unngå å velje inn representantar i kontrollutvalet som, uavhengig av forvaltningsnivå, har leiande posisjonar i



kommunale selskap eller i styret for kommunale selskap som kan vere gjenstand for selskapskontroll.

Pkt. 3.1 Opne møte i kontrollutvalet

Kontrollutvalet er samd i at møta i kontrollutvalet skal vere opne.

Det må vere mogeleg å lukke møtet når utvalet finn dette nødvendig. Det er viktig å ha denne retten nedfelt i kommunelova nr. 77, slik at ein sikrar at møtet kan lukkast når utvalet finn det naudsynt av kontrollmessige omsyn. Dersom ein ikkje har denne retten i kommunelova nr. 77, vil kontrollutvalet måtte rette seg etter kommunelova § 31 ved lukking av møte, noko som vil medføre strengare reglar for lukking av møte enn det kontrollutvalet er tent med.

Pkt. 6.2 Kontrollutvalets rett til innsyn i selskap


Endringane som er føreslegne er ok. Kontrollutvalet meiner at departementet bør vurdere å la statleg eigarskap kome på lik linje med kommunalt og fylkeskommunalt eigarskap, slik at § 80 vert endra til også å gjelde for selskap der staten er inne på eigarsida. Departementet bør vurdere å gje kontrollutvalet høve til innsyn i kommunalt eigde selskap der private eigarinteresser utgjør mindre enn 33,3%.

Pkt. 6.3 Bør omgrepa om selskapskontroll klargjerast?

Bruken av omgrepa innanfor selskapskontrollen er ikkje eigna til å drive effektiv kontroll med selskapa der det er offentleg eigarskap. Det er i høgste grad vanskeleg å vite kva som er rett bruk av omgrepa. Her bør departementet ta grep for å få på plass ein selskapskontroll som er til nytte for alle. Det er no altfor mange og sprikande oppfatningar om kva selskapskontrollen skal bestå av. Dette er vi ikkje tente med og det vil føre til at selskapskontrollen ikkje vil utvikle seg til å bli ein så viktig kontrollform som det er grunnlag for.

Dette er dei kommentarar som kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har til høyringsnotatet om endringar i kommunelova og andre lover som var sendt frå Kommunal- og regionaldepartementet 26.5.2011.

Med helsing


Claus Kvamme
Leiar i kontrollutvalet
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Kopi: Fylkesrådmannen, Forum for Kontroll og Tilsyn